

Kommunestyret har behandla sak 23/2022 i møte den 21.04.2022

Behandling

Framlegg frå ordførar Solveig Vestenfor (Ap) om tillegg i punkt 3 i rådmannen si innstilling.
..... "og sektorutval for helse og omsorg (SHO)" for ...

Framlegg frå Marit Sehl (SV) om tilleggssetning til punkt 2 i rådmannen si innstilling:
Kommunestyret ber rådmannen sørge for at revisjonsrapportens anbefalinger blir tatt inn i arbeidet med prosjektet «Oppvekst på Ål 2030».

Framlegg frå Torleif T. Dalseide (V) og tillegg til punkt 2 i rådmannen si innstilling:
....., "og ein tydeleg tidsplan for gjennomføring av tiltaka."

Votering:

Det vart røysta punktvis over dei tre punkta i rådmannen si innstilling.

Dei tre punkta vart alle samrøystes vedtekne, med dei framsette framlegga om tillegg i punkt 2 og 3 frå ordførar Solveig Vestenfor (Ap), Marit Sehl (SV) og Torleif T. Dalseide (V).

Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten «Tilpasset opplæring og spesialundervisning» frå Viken Kommunerevisjon IKS til orientering.

2. Kommunestyret ber rådmannen starte arbeidet med gjennomføring av tiltak iht. revisjonsrapportens tilrådingar, og ein tydeleg tidsplan for gjennomføring av tiltaka.

Kommunestyret ber rådmannen sørge for at tilrådingane i revisjonsrapporten blir teke inn i arbeidet med prosjektet "Oppvekst på Ål 2030".

3. Kommunestyret oversender rapporten til sektorutvalg for kultur og oppvekst (SUKO) og sektorutval for helse og omsorg (SHO) for vidare behandling.

